

Månadsbrev februar 2024

Januar vart innhaldsrik, m.a. med ei interessant tverrfaglege førestilling om identitet og bunadshistorie for ungdomsskulen og lærerikt TL-kurs for 8. og 9. klasse. Fleire i 10. klasse veit nok litt meir om kva for ein vidaregåande skule dei vil søkja på etter ulike hospiteringar, og foreldra har òg fått vita meir etter møte med rådgjevar på skulen. Mellomtrinnet storkoste seg med besøk frå Vitensenteret Sørlandet der dei m.a. bygde heisekran.

Februar startar for ungdomsskulen med spørsmålet "Hva skjer når naturen må vike for økonomisk vekst?" I opplegget *Hvor ble det av skogen?* i regi av Den kulturelle skulesekken "settes bærekraftig utvikling i fokus gjennom å bruke regionens historie. I grupper skal elevene løse mysteriet *Hvor ble det av skogen?* Hovedpersonen i mysteriet er en bille som i dag er kritisk truet. Gjennom filmer, praktiske oppgaver, gjenstander og arkivmateriale vil elevene lære mer om Agders historie, og samtidig finne ut hvorfor skogen forsvant." <https://www.denkulturelleskulesekken.no/agder/utforsk-produksjoner-i-dks/?produksjon=10743>



2. februar er det morgonsamling og SMU- og SU-møte, 6.-8. er rektor på leiartur heilt til Larvik saman med 79 andre leiarar i Agder, 13. er det lokal skulekinodag på Sinnes før det blir engelskdag for alle 15. februar. Og det er det som ligg i kalenderen før me avsluttar februar med vinterferie...

God vinterferie!

Sinnes 29.01.24
Åse-Berit (rektor)

